

**Sak: 19-21. Melding vedkomande måloppnåing 2020.**

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet godkjenner melding vedkomande måloppnåing for 2020 slik den ligg føre.

**Saksutgreiing**

Vedlagt er melding vedkomande måloppnåing, tidlegare nemnt «eigarskapsmelding», denne gangen for 2020.

Vest Kontroll har gitt oss melding om at vi ikkje har høve til å kalle det «eigarskapsmelding», då dette er ein definisjon på kva oppgåve kommunane har ansvar for å rapportere til kommunestyra. Det er såleis kommunane etter kommunelova, som «eig» dette uttrykket.

Derfor der dette dokumentet, som de vil kjenne igjen i innhald og form, no fått slik definisjon hos oss: Melding vedkomande måloppnåing.

Vi har laga meldinga i tråd med vegleiar frå KS vedkomande eigarskapsmelding, når det gjeld innhald.

Styret hadde utkastet til handsaming på sitt møte 2 februar, og kom med nokre innspel. Vidare har vi oppdatert saka der vi mangla faktiske opplysingar ved første gangs gjennomgang av saka. Meldinga går vidare til representantskapet som skal godkjenne i sitt møte i slutten av april

Etter at representantskapet har godkjent årsmelding, melding om måloppnåing og rekneskap, vert dokumenta sendt over til kommunane som eigarar.

10.03.21

  
Petter Bjørdal  
Dagleg leiar

Vedlegg:

Melding vedkomande måloppnåing for 2020.

**Melding vedkommande  
måloppnåing 2020.**



**VØR**

**Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS**

## Innhold

Prinsipp for styring.....	3
<b>Om representantskapet</b> .....	3
<b>Om styret</b> .....	3
Formål med eigarskap .....	4
<b>Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR)</b> .....	4
<b>Andre eigarskap- Retura Søre Sunnmøre AS og Retura Norge AS</b> .....	5
Strategiske mål .....	7
<b>Tidlegare mål og status</b> .....	7
<b>Nye internasjonale og nasjonale mål</b> .....	9
Samfunnsansvar.....	10
<b>Ytre- miljø</b> .....	10
<b>Likestilling</b> .....	10
<b>Openheit</b> .....	10
<b>Etiske retningslinjer</b> .....	11

## Prinsipp for styring

Etter lov om interkommunale avfallselskap (jf. IKS-lova §1) kan berre kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap opprette eit interkommunalt selskap. For interkommunale selskap skal det utviklast ein skriftleg selskapsavtale som deltakarane i form av kommunestyret skal vedta (jf. IKS-lova §4).

Det er viktig at kommunestyra som eigarar i det interkommunale selskapet får kunnskap og innsikt i organisering og styringsmoglegheiter i selskapet dei har ein eigardel i. Eigarane har samla sett eit uavgrensa ansvar for selskapet sine pliktar. Eigarkommunane har instruksjonsrett og utøver eigarstyring gjennom valde medlemmar i representantskapet. Medlemmar i representantskapet og i styret skal kjenne til roller, styringslinjer og ansvarsdeling.

## Om representantskapet

VØR sitt eigarorgan og øvste mynde er representantskapet. Etter kommunevalet kvart fjerde år, vel kommunestyra eit representantskap for VØR. Annakvart år vel representantskapet nytt styre for VØR. Gjennom IKS-lova er det gitt at representantskapet skal fastsette selskapsavtale, budsjett, økonomiplan og rekneskap for selskapet.

I 2020 hadde representantskapet til VØR 4 representantar frå Volda kommune, og 4 representantar frå Ørsta kommune. Samansetninga i 2020 var slik:

Volda kommune	Ørsta kommune
Jan Henning Egset (Leiar) Eldar Engelund Ingebjørg Osdal Torill Hasfjord Bjørneset	Ingvild Aasen ( nestleiar) Pauline Vinjevoll Kristin Riise Olav Hope
Jørgen Amdam (vara for Jan Henning Egset) Arne Oddmund Torvik ( vara for Eldar Engelund) Lin Storm Traagstad ( vara for Ingebjørg Osdal) Ann Charlotte Fiskarstrand ( Vara for Torill Hasfjord)	Dalana-Michelle Storebø ( Vara for Kristin Riise) Børge Bornstein ( vara for Olav Hope) Aslaug Marit Øyehaug ( vara for Ingvill Aasen) Einar Holsvik ( vara for Pauline Vinjevoll)

## Om styret

Styret vert valt for ein periode på to år om gongen og har ansvaret for å sjå til at drifta vert drive i samsvar med dei avgjerslene og retningslinjene som er fastsette av representantskapet. Styret er samansette av 2 eigaroppnemnde menn og 2 eigaroppnemnde kvinner og tilfredsstillar såleis kravet om 50 % kjønnsbalanse. I tillegg vel dei tilsette ein representant. Styret skal fungere som ein støttefunksjon og representere selskapet sitt behov og bør dermed ha forskjellig og supplerande kompetanse innan økonomi, organisasjon og om marknaden som selskapet operera i. Styret tilset dagleg leiar og fører tilsyn med dagleg leiar sin leiing av selskapet. Dagleg leiar rapporterer og står ansvarleg overfor styret. Styret skal ha fagleg innsikt og ta ei aktiv rolle i selskapets formål. Det er opp til eigarkommunane sjølv å bestemme kva kompetanse og kapasitet som ein ventar av sine styremedlemmar. I 2020 vart det valt nytt styre med ny styreleiar og nestleiar.

I 2020 hadde styret i VØR 3 menn og 2 kvinner. Samansetninga lyder slik:

Styremedlem	Personleg vara medlem
-------------	-----------------------

Anne Ellingsen (Styreleiar)	Bjørnar Hovland
Jon Helge Bjørndal	Gina Bjørndal
Hallvard Bjørneset (Nestleiar)	Sissel Anita Øyen Hareide
Henriette Hafsaas	Kjell Tore Aarstad
Ove Myklebust (representant for tilsette i VØR)	Edle Holmin (vara tilsettere representant)

I KS sin rettleiar «anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll» blir det vist til at det burde gjennomførast obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde i representantskap og styre . Det er anbefalt at dette blir gitt gjennom obligatoriske kurs eller eigarskapssamlingar i løpet av dei første 6 månadene som folkevald og etter 2 år. Den 16 desember 2019 hadde vi felles opplæring av alle valde representantar og vara representantar. Kontrollutval sekretariatet skulle ha eit kurs vinteren 2020 og Avfallsforum Møre og Romsdal hadde planlagt eit kurs for medlemmar i styra for avfallsselskapa i mai 2020. Det var planlagt synfaring med vidare opplæring med det nye styret innan første året som folkevald. Pandemien Covid-19, har gjort at disse opplæringstiltaka er utsette til tidlegast hausten 2021.

### Formål med eigarskap

Kommunar har plikter og rettar gjennom Ureiningslova (jf. FL § 30) for handtering av avfall frå hushald. Pliktene viser til at kommunen skal sørge for innsamling av avfallet frå hushald, dei skal ha eit forsvarleg tilbod for levering av farlig avfall frå hushald og mindre mengder farlig avfall frå verksemdar. I tillegg skal kommunen ha avfallsanlegg for avfall frå hushald (jf. FL § 29). Rettar har kommunane i form av at dei har monopol på avfallet frå hushald. Andre aktørar kan ikkje samle inn slikt avfall utan deira samtykke. Kommunane har delegert ansvaret for å ta vare på disse pliktene til VØR.

### Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR)

VØR er organisert som eit interkommunalt avfallsselskap der kommunane Volda og Ørsta har ein eigardel på 50% kvar. VØR forvaltar og driftar ei lovpålagd verksemd på vegne av eigarkommunane, og har såleis bestemte krav og mål å rapportere til eigarane sine. Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta kommune og har som sitt formål å oppfylle kommunane sine plikter relatert til innsamling av hushaldsavfall jamført Ureiningslova og vedtekne renovasjonsforskrifter. Pliktene inneberer innsamling, lagring og transport av nemnt avfall og handtering av slam. På miljø- gjenbruksstasjonen kan innbyggjarane levere frå seg vanleg avfall frå hushald og opptil 1000 kilo farleg avfall og 500 kilo PCB-holdige isolerglassvindaue i året per abonnent.

Tabell under viser til gebyrfordeling mellom dei to eigarkommunane i 2020.


#### Gebyrfordeling:

Kommune	Hushaldningar	Fritidshus	Totalt
Ørsta	4679	604	5283
Volda	4837	668	5505
<b>Totalt</b>	<b>9516</b>	<b>1272</b>	<b>10 788</b>

I dei to eigarkommunane til VØR er det busett 21 411 innbyggjarar (målt 3.kvartal av 2020). Av desse er 9516 registrert som privatabonnentar. I tillegg handterer VØR hushaldningsavfallet til 1272 fritidshusabonnentar.

Utgifter knytt til innsamling og behandling av avfall frå hushald skal finansierast gjennom avfallsgebyret som blir kravd av abonnentane etter FL § 34 jf. kap 15 i avfallsforskriften. Kommunane har høve til å differensiere gebyret, noko dei har gjort sidan år 2000. Prinsippet med avfallsgebyret er at totalinntekter frå behandlinga av avfall frå hushald er i tråd med sjølvkostprinsippet. Differensiering skal fungere som eit virkemiddel for å redusere mengdene med avfall og auke materialgjenvinningsgraden.

VØR er ei monopolverksemd som skal oppfylle eigarane sine krav til kostnadseffektiv leveranse av tenester innan miljø og avfall. I tillegg til å oppfylle eigarane sine lovpålagte plikter, legg både norsk og internasjonal avfallspolitikk føringar for korleis VØR operera og kva mål selskapet skal jobbe mot. Avfallspyramiden under viser kva prioriteringar avfallsbransjen skal ha, rangert frå høgast prioritering (øvt) til mindre (nedst). VØR differensierer avfallsgebyret gjennom volum (totale avfallsmengder). Den som produserer mest avfall, skal også betale meir. Dette er ein differensieringsmetode som tek sikte på å stimulere til avfallsreduksjon, ombruk og auka materialgjenvinning.



### **Andre eigarskap- Retura Søre Sunnmøre AS og Retura Norge AS**

Til å handtere avfall som kjem frå næringslivet oppretta VØR i 2004 eit heileigd dotterselskap, Retura Søre Sunnmøre (RSS), som har ansvar for innsamling og behandling av næringsavfall. Retura Norge AS er ei franschisekjede eigd av private og offentlege aktørar i avfallsbransjen. VØR eig 30 aksjar i Retura Norge AS og sikrar vårt dotterselskap Retura Søre Sunnmøre gjennom denne eigarskapen tilgang til kundar som har landsdekkande avtalar. Det er gjerne dei store aktørane i kommunane våre (Tine, Helse Møre og Romsdal m.f.).

Formålet med opprettinga av eige næringssselskap var eit ynskje om å unngå stor kostnadsauke for VØR sine abonnentar ved bortfall av grunnlaget for utnytting av mannskap, hus og utstyr. Morselskapet og dotterselskapet får synergieffektar av å utnytte felles ressursar. Overskota frå RSS og uteleigedelen i selskapet er fri eigenkapital som m.a. kan brukast til å gå inn og sikre lokale tilbod.

Kvart år nyttar ein deler av overskotet til grovavfallsinnhentinga på bygdene, som ikkje er eit reint tilbod til hushaldningane.

RSS har eigen dagleg leiar og styre. For å unngå kryssubsidiering frå den konkurranseutsette marknaden til monopolmarknaden med avfall frå hushald (og omvendt), har ein organisert drifta i to separate selskap med eigne styrer. Samvirke mellom selskapa vert regulert i avtalar mellom selskapa, godkjent i dei respektive styra. Avtalane skal forhindre at RSS sin aktivitet blir subsidiert gjennom bruk av VØR sine ressursar, og omvendt. Selskapskontroll av VØR, utført av Vest Kontroll i 2019, fann ingen kritikkverdige tilhøve mellom selskapa.

## Selskapsstrategi og tilhøyrande styringsdokument

<p><b>Vedtekter</b> Vedtektene er selskapsavtalen og er eit styringsdokument for VØR og eigarkommunane.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Selskapsavtalen er vedteken av kommunestyra i tråd med lova sine krav.</li> </ul>
<p><b>Renovasjonsforskrifter</b> Kommunale renovasjonsforskrifter vedtekne av Ørsta kommunestyre den 05.09.2019 og fellesnemnda for nye Volda kommune den 18.06.2019 i fylgje lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova, fri) §§ 30, 31 og 34, 79 og 83.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Forskriftene inneheld definisjonar, rettar og plikter knytt til handsaming av avfall og slamtømming frå hushald.</li> </ul>
<p><b>Strategiplan</b> Strategiplanen drøftar aktuelle emner, og listar opp VØR sine planar for å nå nasjonale og lokale miljømål. Strategiplan er rettleiande for den fire årlege økonomiplanen som igjen er styrande for det årlege budsjettet. VØR har laga strategiplanar tilbake til 2001, og planen vert rullert årleg.  Strategiplan for 2021-2024 vart sist vedteke av representantskapet 7.september 2020.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Selskapsstrategien blir handsama av representantskapet. I tråd med vedtektene § 7 er det representantskapet som skal fastsette overordna mål og retningslinjer for selskapet.</li> <li>Strategi-/verksemds-plan vert rullert med ein faktadel og ein handlingsplan. Strategi-/verksemds-plan er såleis lik ein kommuneplan i sin oppbygging.</li> <li>Strategiplanen er eit verktøy for styrande organ og leiing og gir rammene for korleis VØR skal drivast og såleis også kva som må prioriterast det einskilde år.</li> </ul>
<p><b>Økonomiplan</b> Representantskapet skal etter Lov om Interkommunale selskap § 27 og vedtekter for selskapet § 7 vedta økonomiplan for selskapet for fire år om gongen. Planen bygger på VØR sin strategiplan og årlege handlingsplan og kjem med tilråding frå styret til representantskapet.  Ny økonomiplan for 2021-2024 vart vedtatt av representantskapet 7.september 2020.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Representantskapet skal vedta økonomiplan for selskapet for fire komande år.</li> <li>Økonomiplanen bygger på VØR sin strategiplan og årlege handlingsplan. Vedteken økonomiplan er grunnlaget for neste års drifts og investeringsbudsjett.</li> </ul>

<p><b>Årsbudsjettet</b> Representantskapet skal etter Lov om Interkommunale selskap vedta årsbudsjettet i selskapet. Vidare er det representantskapet som rår kommunestyra til å vedta gebyrsatsar for det komande år. Representantskapet vedtok årsbudsjettet 2021 den 7. september 2020.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Representantskapet vedtar årsbudsjett med rammer for låneopptak</li> </ul>
--	---

## Strategiske mål

Selskapet skal oppfylle eigarane sine krav til kostnadseffektiv leveranse av tenester innan miljø og avfall. I dette ligg det at selskapet skal arbeide for dei gode miljøløysningane innanfor akseptable økonomiske rammer. Vidare skal selskapet jobbe for å nå materialgjenvinningsmål i tråd med lokale, nasjonale og internasjonale krav.

### Tidlegare mål og status.

#### Nasjonalt

I februar 2018 vart Regjeringa si melding om avfall og sirkulær økonomi behandla i Stortinget. Stortinget vedtok denne gong at regjeringa skulle utarbeide ein nasjonal strategi for utviklinga av ein sirkulær økonomi. Regjeringa vart bedne om å sette nye nasjonale mål for avfallsreduksjon, materialgjenvinning og ombruk, i tråd med EU sin sirkulære økonomi pakke. Det nye mantraet er at avfall skal verte sett som og behandla som ein verdifull ressurs.

Jamført EU sitt avfallsrammedirektivet skal 50% av all avfall frå hushald i Norge materialgjenvinnast i 2020. Likeins veks dette målet til 55% innan 2025 og 60% innan 2030. Den nasjonale strategien som regjeringa skulle utarbeide, let enda vente på seg og på grunn av andre prioriteringar i høve koronapandemien i 2020, vert nok ikkje denne lansert før i 2021. Måla i avfallsrammedirektet til EU er likevel bindande for Noreg gjennom EØS-avtalen.

#### Regionalt

Regional delplan for klima og energi 2015-2020 vart vedteken i fylkestinget 15. juni 2015. Planen har som mål å redusere klimagassutsleppa i Møre og Romsdal med ti prosent i perioden 2009 – 2020. Innan 2020 skal det dessutan vere gjennomført minst fem konkrete tiltak i kvar kommune i fylket for å betre miljøet og redusere klimagassutslepp.

#### Lokalt

Ny handlingsplan for klima er under utarbeiding i kommunane, og vert å kome tilbake til, når den ligg føre. Tidlegare mål om 10 kg utsortert plastemballasje og 45 kg matavfall per innbyggjar i klimaplan frå 2010-2020 vart nådd med god margin i 2019, og er såleis utkvittert.

I samband med godkjenning av gebyrsatsar for renovasjonstenester i Volda og Ørsta kommunar i 2020, vart det gjort vedtak om førespurnad til VØR om utgreiing av gebyr for einslege og halvert gebyr ved samarbeid om dunkar.

I Volda kommune viser vi til oversendingsvedtak frå formannskapet til kommunestyret, i sak 202/20 «reduisert kostnadar for einslege» og vedtak gjort i kommunestyret i sak 143/20, der tilrådinga frå formannskapet vart vedteke.



I Ørsta kommune vart eit oversendingsvedtak frå formannskapet (sak 194/20) til kommunestyret (sak 109/20) vedteke der VØR blir bedne om å lage ei sak på halvert gebyr, der naboar samarbeida om avfallsbeholdarar.

Jamfør sak 202/20 og 143/20 i Volda kommune, vart spørsmålet om gebyr for einslege handsama i samband med rullering av renovasjonsforskriftene i 2019 og vart i høve med kommunal handsaming, ikkje inkludert i dei vedtekne forskriftene.

Jamfør oversendingsvedtak i sak 194/20 og vedtak i sak 109/20 om halvert gebyr ved samarbeid om avfallsbeholdarar, er det slik at renovasjonsgebyra skal dekke VØR sine samla kostnader. Redusert gebyr for enkelte grupper vil såleis føre til tilsvarande auke hos andre grupper. Noverande gebyrregime bygger på eit differensieringsregime som vart oppretta i perioden 2000-2006 og har vore uendra sidan.

Miljødirektoratet rår til at kommunane tek i bruk sterkare verkemiddel for å auke materialgjenvinninga, ved meir bruk av differensiert avfallsgebyr. Reint konkret er det no tala om betal som du kastar ordningar (Pay-as-you-throw/PAYT). Dette er eit omfattande tiltak som både inneber omorganisering, tekniske installasjonar i alle behaldarar og heimel i renovasjonsforskriftene. VØR sine styrande organ har derfor vedteke at slik endringar i differensieringa kan først settast til verk etter ny revisjon av renovasjonsforskriftene. Dette tek VØR sikte på å gjennomføre i 2022. Dei fysiske tiltaka i 2022 og 2023. Oversendingsframlegga nemnde ovanfor vil få si handsaming i samband med denne omlegginga.

Representantskapet til VØR vedtok gjennom strategiplanen i 2015 ei målsetning om at VØR skulle nå mål om 60 % materialgjenvinning i 2020. Målet om 60% materialgjenvinning vart revidert av representantskapet i 2019 i strategiplanen for 2020-2023, til å gjelde for 2025. I 2019 målte VØR 61,2 % i materialgjenvinningsgrad, mykje takka vere innføring av eiga innsamlingsordning for matavfall. Mengder avfall som gjekk til energigjenvinning sank vesentleg som eit resultat av dette. Året 2020 har vore eit annleis år, med ein koronapandemi som har ført til nedstenging av landet store delar av året, permitteringar i arbeidslivet, strenge smittevernomsyn og reglar for alle innbyggjarar. Med fleire heime på grunn av permittering, heimekontor og heimeundervisning, har dette hatt ein naturleg konsekvens for produksjon av avfallsmengder. Med meir tid for hand, har fleire tatt tak i oppussing- og ryddeprosjekt, som igjen har påverka materialgjenvinningsgrada til VØR i 2020. Sjølv om det har vore ein vekst i mengder avfall som går til materialgjenvinning, har mengda som har gått til forbrenning auka meir. Restavfallsmengder levert i grønn behaldar og på miljøstasjonen står for den største veksten. VØR har derimot nådd det nasjonale målet om 50% materialgjenvinning innan 2020 med god margin. Håpet er at om kvardagen normaliserer seg i 2021 med tanke på koronaviruset, vil vi mest truleg komme over 60% materialgjenvinning att.

Diagrammet under viser korleis materialgjenvinningsgrada til VØR gradvis har bevegde seg oppover frå 2016, før eit hopp kom med matavfallinnsamlinga i 2019, deretter ein mindre nedgang i 2020, mykje grunna koronapandemien.



Det blir påpeika at EU har gitt pålegg om ny metode for måling av materialgjenvinning. Målepunktet vert i 2023 eller seinast i 2025 flytta frå levering til materialgjenvinning til kva som faktisk kjem ut i form av råvare som kan materialgjennvinnast. Det inneber at den materialgjenvinninga vi har hatt tidlegare, vil gå noko ned, når ein tek omsyn til svinn i mottaksanlegg.

#### Nye internasjonale og nasjonale mål.

I 2019 lanserte den Europeiske kommisjonen «The European Green Deal» som har som sitt hovudmål å bidra til at Europa blir det første klimanøytrale kontinentet innan 2050. Denne avtalen er tufta på FN sine klimamål av 2015, der berekraft, rettferdig fordeling av ressursar og likestilling står i sentrum. Verda har dei siste åra nådd eit historisk uttak av naturressursar. I følgje ein rapport lagt fram av «Circle Economy» i 2020, klarer vi i dag å berre ta ut 8,6 av materiala og ressursane vi hentar frå naturen og få desse tilbake i kretsløpet igjen. Rapporten viser til at nasjonale styresmakter er nøkkelen til å skifte frå ein lineær økonomi til ein sirkulær økonomi.

Som ein del av «The European Green Deal» lanserte den Europeiske kommisjonen den nye aksjonsplanen, «Sirkulærøkonomi 2.0» i mars 2020. I følgje denne kan 66% av EU sine klimagassutslepp relaterast direkte til materialhandtering. Hovudbodskapen i denne planen er at vi må endre måten vi produserer varer, organiserer marknaden, korleis vi forbrukar og handlar og måten vi handterer avfall på. Spesielt er det eit stort fokus på tiltak som vil redusere den totale avfallsmengda. Produsentansvarsordningar skal reviderast og utvidast. På denne måten skal produsentar få sterkare insentiv til å nytte råvarar som kan innsamlast, ombrukast og materialgjennvinnast. I tillegg ligg det føre eit forslag om ei forbrukarlov der forbrukaren skal sikrast rettigheter til å reparere produkt den kjøper.

Her til lands vart klimakur 2030 lansert i starten av 2020, der Miljødirektoratet, Statens Vegvesen, Kystverket, Landbruksdirektoratet, Noregs vassdrag- og energidirektorat og Enova har fått i oppdrag å analysere potensialet for å redusere ikkje-kvotepliktige utslepp av klimagassar. Dette inkluderer avfallsektoren. Klimakur 2030 peikar på karbonfangst og lagring, redusert matsvinn og auka bruk av biogass som viktige klimatiltak. Auka utsortering av plast og tekstil frå restavfall vart også vurdert og føreslått og er i tråd med EU sin sirkulære økonomi plan av 2020.

Vidare mot 2025 og 2030, skal vi nå nye materialgjennvinningsmål. Miljødirektoratet har parallelt med dette foreslått at fleire og større fraksjonar må utsortrast i løpet av åra som kjem. Her er reint trevirke til sponplateproduksjon og hardplast til ny plast, dei neste fraksjonane.

For å nå måla ovanfor, vil dette krevje endringar i åtferd og vaner blant forbrukarane. Industriad og produsentar må og vere sitt ansvar bevisst for å ha ein berekraftig produksjon med fokus på design for materialgjenvinning og bruk av resirkulert materiale i produkta sine.

Frå vår side må vi sørge for god tilrettelegging i innsamlingssystem og hyppig kommunikasjon. Det er vår ambisjon om å gjere vårt til at desse måla vert nådd, til det beste for noverande og framtidige generasjonar.

## Samfunnsansvar

Selskapet er ansvarlege i tråd med arbeidsgivarpolitikk, arbeidstakarrettigheiter og etikk. VØR følgjer innkjøpslover og jobbar for deltaking i kunnskapsutvikling og miljøvern. Selskapet har retningslinjer mot antikorrupsjon og urettvis behandling slik som diskriminering av tilsette og abonnentar.

VØR vart i 2020 sertifisert etter den internasjonale standarden ISO 9001, for å vise til transparens og kunne dokumentere etterleving av lovar, reglar og retningslinjer i samfunnet.

Selskapet jobbar etter dei øvste punkta i avfallspyramida. Hovudmålet er avfallsreduksjon og auka ombruk, samt mest mogleg materialgjenvinning av det innsamla avfallet. VØR legg vekt på at alle leverandørar held seg til det som er avtalt med tanke på best mogleg utnytting av avfallsressursane. I dette ligg det at det som er avtalt å gå til materialgjenvinning ikkje vert sendt til forbrenning eller deponi. Selskapet følgjer kontinuerleg opp avvik i eiga verksemd og er opptatt av å ivareta sikkerheita til sine tilsette og omgivnadane rundt.

## Ytre- miljø

Selskapet arbeidar kontinuerlig med miljøpositive tiltak ved å:

- Legge godt til rette for innsamling og kjeldesortering av avfall → Kjeldesortering skal vere enkelt, slik blir meir avfall til nye ressursar.  
Arbeide for å redusere miljøbelastninga drifta av selskapet gir → Her er etablering av fleire nedgravne anlegg og derav mindre transport eit viktig ledd i arbeidet.
- Legge til rette for innsamling av metall og EE-avfall på bygdene og farleg avfall i raudeboks i både bygd og sentrumsområda → Ved å gjere det enklare å levere farleg avfall, håpar vi det reduserer forureining og forsøpling. Slik får vi også materialgjenvinne meir avfall til nye råvarer.
- Koordinere og legge til rette for strandryddeaksjonar og mottak av marin avfall → Marin avfall forsvinn ikkje og spesielt plast vert nedbroten til mikro- og nano partikler som er til stor skade for livet i havet og dyrelivet på land.

## Likestilling

Styret har i 2020 2 eigaroppnemnde kvinner og 2 menn. Kravet om kjønnsbalanse i styret er dermed ivaretatt i tråd med KS sin rettleiar «anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll».

## Openheit

Alle representant- og styresaker blir fortløpande lagt ut på nettsida under «saker styret og representantskapet» og er tilgjengeleg for omverda. Selskapet har alltid hatt transparens som ei viktig prioritering. Inntrykket er at media og enkeltpersonar har fått tak i informasjonen som blir etterspurt utan at dette har vore opplevd som problematisk.

## **Etiske retningslinjer**

Selskapet har hatt etiske retningslinjer sidan 2002, og dei vart sist rullert i november 2019 som del av Policy dokumentet som inngår i ISO 9001 dokumentasjonen.

Representantskapet si oppgåve etter vedtektene er å fastsette overordna mål og retningslinjer for selskapet. Styret har derfor vedteke at Policy dokumentet skal endeleg fastsettast av representantskapet.

## **ISO 9001**

ISO 9001 tek føre seg overordna systemdokumentasjon knytt til kvalitet og miljømål, ilag med Policy, og varslingsrutinar, som er mest aktuelt for eigar å vere informert om.

I 2019 vart det vedteke å få på plass ISO 9001 rutinar i VØR. VØR vart sertifisert etter ISO 9001-standarden 14. desember 2020.

Vårt dotterselskap Retura Søre Sunnmøre AS har vore sertifisert i ISO-standarden etter den strenge miljøstandarden ISO 14001 sidan 2015.

Hovdebygda 23.03.2021

Anne Ellingsen  
Styreleiar

Hallvard Bjørneset  
Nestleiar

Jon Helge Bjørndal  
Styremedlem

Henriette Hafsaas  
Styremedlem

Ove Myklebust  
tilsette sin representant

Petter Bjørdal  
Dagleg leiar